



FYRES DAL KOMMUNE
Klokkarhamaren 6
3870 FYRES DAL

Saksbehandlar, innvalstelefon

Tonje Katrine Vaage, 33371109

Fråsegn - endring av reguleringsplan - Fyresdal - Molandsmoen

Vi viser til oversending frå Fyresdal kommune datert 12.01.2026.

Saka gjeld

Saka gjeld varsel om reguleringsendring for delar av gjeldande reguleringsplan for Molandsmoen industriområde i Fyresdal kommune. Området er i dag regulert til industri, med føresegn om at det kan tillatast forretnings- og kontorverksemder. Oversendinga gjeld to tomter som krev endra regulering, gbnr. 38/136 og 38/117. På gbnr. 38/117 er det snakk om etablering i eksisterande bygg, mens det på gbnr. 38/136 er snakk om ny etablering. Bakgrunnen for endringa er at kommunen forventar søknader om etableringar på desse eigedommane som ikkje er i tråd med gjeldande reguleringsplan. Areal er tenkt omregulert til reguleringsføre mål Datasenter, med tilhøyrande føresegner.

Rolla til fagavdelingane til Statsforvaltaren

Statsforvaltaren sine fagavdelingar skal med heimel i plan- og bygningslova § 3-2 sjå til at planar ikkje er i strid med nasjonale og viktige regionale interesser innan miljøvern, klima, landbruk, samfunnstryggleik, folkehelse, barn og unge sine interesser og gravplassar. For orden si skuld minner vi om at det er justis- og verjemålsavdelinga hos Statsforvaltaren som handsamar eventuelle klagar på kommunen sitt vedtak.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Vestfold og Telemark fylkeskommune inngjekk ein samarbeidsavtale 13. januar 2021, som er vidareført med Telemark fylkeskommune inntil vidare. Avtalen inneber at fylkeskommunen tek i vare interessene til barn og unge i reguleringsplanar også på vegne av Statsforvaltaren. Avtalen avgrensar ikkje Statsforvaltaren sitt høve til å fremje motsegn til planforslag som er i strid med vedtekne nasjonale eller regionale mål, rammer og retningslinjer knytt til interessene til barn og unge.



Vurderingar frå fagavdelingane til Statsforvaltaren

Forslag til endra føresegner – støy

Av oversendinga frå kommunen går det fram at det er foreslått endringar/tillegg til føresegnene knytt til støy frå ny industri. Vi er i utgangspunktet positive til at kommunen legg tabell 3, som gjeld område som er viktige for friluftsliv, rekreasjon og naturopplevingar, til grunn. Vi vil påpeike at det ikkje er eigne grenseverdier knytt til industri i denne tabellen, slik det er gitt i tabell 2 i retningslinje T-1442/2021. Tabell 2 gjeld mellom anna støy frå industri og anlegg retta mot bustader og andre utbyggingsføre mål for varig personopphald der støy er eit særleg viktig omsyn som må takast i vare. Vi ber om at kommunen vurderer å endre formuleringa i forslag til føresegner slik at den blir meir presis, anten ved å vise både til tabell 2 og 3 i retningslinje T-1442/2021, eller ved å vise konkret til den tilrådde støygrensa i tabell 3 som er mest aktuell for området.

Vi minner om at vi berre har vurdert forslaget til reguleringsendring etter plan- og bygningslova. Kommunen har også eit ansvar for å vurdere om anlegga kan krevje løyve etter forureiningsregelverket, inkludert kva for slags støykrav som vil gjelde for anlegga. Dette bør bli vurdert i samheng med utbygging av andre anlegg med kraftkrevjande industri/datalagringsanlegg i området.

Med helsing

Lene Ottersen
fungerande plansjef

Tonje Katrine Vaage
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Telemark fylkeskommune	Postboks 2844	3702	SKIEN
Norges vassdrags- og energidirektorat	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Statens vegvesen - Transport og samfunn	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER